

# Sagbladet

VÅRT FOKUS - FOREDLING AV TRE

MEDLEMSBLAD NORSK BYGDESAGFORENING ÅRGANG 33, NR. 1. 2022. ISSN 1890-3630



*Blide deltakarar på sorteringskurs på Løten no i mars.*



*Aukande bruk av tre i  
landbruksbygg.*

## INNHOOLD

- Frisk satsing på Susendal Bygdesag AS.....s. 4-6
- Rettleiar for klimasmarte landbruksbygg .....s. 9-10
- Rennebu Sag og Trekultur AS .....s. 11-12
- Foreninga med fleire fullteikna kurs 1. halvår .....s. 13
- Velkommen til årsmøtehelg i Orkanger .....s. 14-15

[www.sag.no](http://www.sag.no)



Sagbladet er eit medlemsblad for Norsk Bygdesagforening og blir utgjeve med 4 nummer i 2022. Bladabonementet kostar kr 600 pr. år. For fleire abonement til same adressat betalet kr 300 pr. år/blad. Medlemsbladet er inkludert i medlemskontingenten. Ta kontakt med redaktør om du ønskjer abonement eller evt. medlemskap i foreininga. Opplag 400.

Redaksjon avslutta 28.02.22

Ansvarleg redaktør:  
Inger-Marie Svingseset  
Tlf.: 918 86 113  
e-post: admin@sag.no

Designmal og lay-out:  
Forglemmegei Reklamebyrå,  
Brugata 1, 2500 Tynset  
Tlf.: 971 89 996  
e-post: cathrin@fmereklame.no  
www.fmereklame.no

Trykk: TS Trykk AS

Utgjevingar 2022

NR.:	Materiellfrist	Utgjeving
Nr. 1	10. feb.	25. feb.
Nr. 2	20.mai	10.juni.
Nr. 3	12.sept.	8.okt.
Nr. 4	1.des.	20.des.

Priser på annonsering i Sagbladet:  
Heilside (178x238mm) kr. 3.860,-  
Bakside (178x238mm) kr. 4.300,-  
1/2 side (178x118mm) kr. 2.425,-  
1/4 side (84x118mm) kr. 1.600,-  
1/8 side (114x49mm) kr. 1.100,-  
Prisane er eks mva.  
Vi er fleksible på størrelseane.

Rabattordningar: Ved bestilling av innrykk i alle utgåver i 2022 får du 10% rabatt. Ved bestilling av 4 påfølgande innrykk vil annonsør også bli presentert på attraktiv plass i Leverandørguiden på nest siste side i bladet.

Framsidedfoto:  
Kursdeltakarane på Løten Bygdesag  
Foto: Hans Grøndahl

Norsk Bygdesagforening vart stifta i 1987. Foreininga har ca. 220 medlemmar pr. 01.01.2022.. Medlemskontingenten er gradert etter lønnsutgifter:  
Under 500.000 = 2 950 pr. år.  
Mellom 500.000 og 1 mill. = 3 750 pr. år.  
Over 1 mill. = 5 250 pr. år.  
Første medlemsår gir vi 50% rabatt.  
Det er også høve å tinge interesse-medlemsskap til kr. 950,- (Dette inkl. informasjon og medlemsblad).

### ADMINISTRASJON

Inger-Marie Svingseset,  
dagleg leiar  
Tlf. 918 86 113  
admin@sag.no



Ragnhild Lunde,  
prosjektmedarbeider  
Tlf. 918 86 113  
ragnhild@sag.no



### STYRET

Ivar Grøndahl,  
Adr: Chausseen 737  
2340 Løten  
Tlf: 995 46 567  
iv-groen@online.no



Rune Skjørestad,  
styremedlem  
Pb. 39, 4395 Hommersåk  
Tlf. 907 99 053  
post@riskasag.no



Olaf Dybvad  
styremedlem  
Dyvasvegen 454  
7517 Hell  
Tlf. 911 45 773  
olddybvad@online.no



Ole Jegleim,  
styremedlem  
Rotneimvegen 685,  
3550 Gol  
Tlf. 908 29 766  
jegleim@online.no



Kjartan Bergsvåg,  
styremedlem  
Fennavegen 15  
5709 Voss  
Tlf. 906 42 168  
kbergsva@online.no



### FYLKESKONTAKTER

Østfold  
Johan Skammelsrud,  
Sarpsborg, tlf. 906 54 395

Akershus  
Roar Sørsgård, Hurdal, tlf. 909 96 273

Hedmark  
Ivar Grøndahl, Løten, tlf. 62 59 00 05

Oppland  
Per Arne Jostad, Snertingdal,  
tlf. 61 18 14 15

Buskerud  
Øyvind Wiger,  
Vikersund, tlf. 416 42 731

Vestfold  
Runar Bekkeseth,  
Holmestrand, til. 33 05 16 12

Telemark  
Asbjørn Roheim,  
Bø i Telemark, tlf. 35 95 45 79

Agder  
Jens Kristian Berglund,  
Mosby, tlf. 450 39 404

Rogaland  
Åsmund Bakka,  
Suldalsosen, tlf. 905 23 907

Hordaland  
Pål Solberg, Lonevåg, tlf. 952 11 103

Sogn og Fjordane  
Jan Arild Vatnelid,  
Straumsnes, tlf. 976 64 048

Møre og Romsdal  
Herman Hervåg,  
Sykkylven, tlf. 994 63 539

Sør-Trøndelag  
Håvard Sunnset,  
Korsvegen, tlf. 924 57 666

Nord-Trøndelag  
Ottar Staberg, Utøy, tlf. 959 31 179

Nordland  
Øystein Lyngmo,  
Laukvik, tlf. 997 31 591

Troms  
Arild Kulseng-Hansen,  
Harstad, tlf. 947 89 350

Finnmark  
Helge Molvig,  
Vadsø, tlf. 454 72 526

# Frå redaktørkrakken

*Helsing Inger Marie Svingeset*

Vi lever gode OL dagar i Stryn, og for idrettsinteresserte er dette dager som gir energi og mange gode stunder. Sagbruksbransjen har eg også stor tru på og vi har meir engasjement og forespørslar til foreininga enn på lang tid. Dette er superkjekt. Så har vi endeleg gjenopna landet og vi kan med godt samvit igjen arrangere kurs, fagsamlingar og årsmøte. Då kan vi gløyme 2 år med uvisse og glede oss over at vi har klart å berge foreininga gjennom ei vanskeleg tid.

Sagbladet denne gongen har blant anna stoff frå ei medlemsbedrift i Nordland som omorganiserer, investerer og rekrutterer.

Eigarane vil investere for å kunne tilsette 2 ungdomar og deretter sjølve trekke seg ut av drifta. Offensivt og framtidsretta.

I dag startar vi kurs i sortering av konstruksjonsvirke på Rennebu, der kurset er heilt fullteikna med 15 personar. Etterspørselen etter denne type kurs har eskalert voldsomt det siste året, og vi skal gjennomføre 4 stk. av denne kurstypen denne våren. Prisutvikling og tome trelastlager av standard trelast har på nytt gjort konstruksjonsmaterialar til eit aktuelt produkt også for dei små og mellomstore bruka.

Større grad av vidareforedling er det også mange som er engasjert med no, og fleire har fått seg høvel og andre spesialiserer seg på ulike typar overflatbehandling. Her er Rennebu Sag og Trekultur AS som er omtala i bladet, eit godt eksempel.

Til slutt vil eg oppmode alle om å delta på årsmøtet på Bårdshaug Herregård i Orkanger. Spesielt vil vi ønskje nye medlemmar som har kome til i løpet av koronatida velkomne.

Vi ser fram til å møtast.

Helsing  
*Inger Marie*

# Kjære sagvenner!

*Hilsen Ivar Grøndabl*

ENDELIG, nå ser det jammen ut til at samfunnet kan begynne å åpne opp igjen, og vi går mot normale tider. Det har vært tøffe tider for mange, og jeg er imponert over hvordan folket i Norge har stått i mot og taklet dette på en god måte. Sykefraværet pga. pandemien har vært en utfordring for mange og det koster samfunnet og bedriftene alt for mye penger!

Denne vinteren har skyhøye strømgeregninger vært og er utfordrende for mange, også blant våre medlemmer. Viktig nå at vi er våkne i kraftmarkedet og vurderer tilbydere opp mot hverandre, det kan også være greit å rett og slett innhente tilbud fra flere og sjekke bindingstiden!

Markedet for våre produkter ser heldigvis bra ut for de aller fleste, og det meldes om stor aktivitet blant

våre medlemmer. Det er varslet en ny prisøkning 1. april fra Moelven på 8-10 % pga. økte kostnader på innsatsfaktorer og stor etterspørsel på eksport. Viktig at også vi med små- og mellomstore bedrifter holder oss oppdatert på prisutviklingen og henger med.

Styret har bestemt at årsmøtet blir den 25.-27. mars i Orkanger, sett av helgen med en gang! Nå er vi rimeleg "sulteforet" på sosiale tiltak også, så eg håper vi ser mange av dere den week-enden. Administrasjonen jobber nå med opplegget rundt årsmøtet, og jeg er sikker på at de lager et interessant opplegg.

Gledelig at vi stort sett har fullbooket på våre kurs, det viser at behovet er stort, tusen takk til alle som bidrar med kursene. Det bidrar også

økonomisk i foreningen samtidig som det er viktig for våre medlemmer å øke kompetansen.

Det meldes også om at pga. høye priser på trelast så investeres det mye i små og mellomstore sager rundt omkring i landet, og det er gledelig. Vil oppfordre våre medlemmer til å drive litt "reklame" for Norsk Bygdesagforening og bidra til medlemsverving. Vi har klart å øke medlemsantallet litt, men har plass til mange flere!

Til slutt vil jeg ønske dere alle en fin tid fram til slutten av mars, da møtes vi i Orkanger!

Vennlig hilsen  
*Ivar Grøndabl*



# Susendal Bygdesag AS investerer 4,5 millioner i nytt sagbruk

*I 2000 startet de fire bøndene Terje Daleng, Kay Bolstad, Bjørn Bråten og Tore Skundberg Susendal Bygdesag DA som tilleggsnæring til gardsdrifta. Terje Daleng forteller:*

- Hattfjelldal er Nordlands største skogkommune, og det har vært bygdesager i generasjoner som nå ikke lenger er i drift. Derfor så vi behovet for å starte sagbruk. Vi hadde alle delvis tidligere arbeidet på ei bygdesag, så vi hadde en viss kunnskap og i tillegg god hjelp fra eldre generasjon. Underveis har vi deltatt på kurs i sortering av konstruksjonsvirke arrangert av Mosjøen og Omegn næringssselskap, drift av sagbruk gjennom Norsk Bygdesagforening og høvelkurs hos Logosol.

- Vi startet med ei Kara sag for traktordrift, og etter tre år kjøpte vi ny Kara Master med elektrisk drift, som de første årene ble drevet med diesellaggregat. Etter noen år med forhandlinger fikk vi tilbud fra Helgeland Kraft som gjorde at vi fikk innlagt 400V strømkabel til saga. Siden bygget vi lager for naturlig tørking av materialer, og i 2010 ble det kjøpt en Logosol høvel PH 260. Med denne produserer vi en del terrassebord, takbord og kledning i kjerneved av furu, spesielle paneler og lister som ikke finnes hos vanlig trelasthandel.

Bygningsmassen bestod av saghus, åpent tørkehus og trailerskap med høvel. Etersom saghuset ble for trangt og veldig værutsatt for å arbeide i, kom tankene etter hvert om å bygge en ny sag. I 2014 ble det studietur til Løten Bygdesag AS, som Leif Grøndahl med sin unike kompetanse på etablering og drift av sagbruk hadde bygd opp.

- Tegninger og kalkulasjoner til nytt sagbruket ble laget, men vi fikk «kalde føtter» og planene ble lagt på is da investeringene ble for store.



*Det ble først fart i prosessen da Øyvind Nes i Hattfjelldal Vekst kom inn i bildet sammen med Kunnskapsparken Helgeland i et unikt samarbeid.*

*Fra venstre: Terje Daleng, Øyvind Nes og Kay Bolstad*

*Foto: Toril Risholm.*

Høsten 2019 ble imidlertid planene tatt frem igjen, motivert av prosjekt og seminar om økt bruk av tre og trekonstruksjoner - arrangert av Hattfjelldal Vekst og Kunnskapsparken Helgeland

## God drahjelp

Med god hjelp av disse til prosjektering og søknad til Innovasjon Norge, ble Susendal Bygdesag AS innvilget et investeringstilskudd på 1,3 mill kroner og utviklingstilskudd på kr 150.000. Samtidig ble Susendal Sag DA registrert som aksjeselskap med de 4 samme eierne som ved etableringen i år 2000, hver med en eierandel på 25%.

Prosjektet innebar en ny isolert hall på 450m<sup>2</sup> der den nye sagen – en Kara Master skulle monteres. Total er investeringen på nærmere 4,5 mill kroner. Med på finansieringen er også Hattfjelldal kommune og Sparebank 1 Helgeland som har innvilget lån på hhv. 1,5 mill og 800.000 kroner. I tillegg til egne midler og stor egeninnsats fra eierne.

Susendal Bygdesag AS kjøpte sagbruk av typen Kara Master, og det første sagbruket fra Kara levert med glidebenk.

## Følgende utstyr er levert fra Kjosnes Maskin

*Kara Master med følgende utrustning:*

- Flisvifte
- Slipmaskin
- Elektrisk dreven hydraulikk
- Hydraulisk avkaster med hydraulisk støttehjul for hon
- Hydraulisk bakgutt med roterende griphjul + lengderetning
- Blokkautomat
- Hydraulisk stokkfeste
- Kjedetransportør for ukanta materialer
- Elektronisk stillmaskin m/over 100 forhåndsinnstilte dimensjoner
- Dragende ruller på stillmaskin
- Hydraulisk støttehjul for gjennomskjæring
- Toppsag

*Tilleggsutstyr:*

- Oppbygging av sag
- Kjedebane for saget virke - 4 kjeder 6 m lengde
- Tømmerbord - 4 kjeder 6 m lengde



Sagmesterens plass der han betjener sagens funksjoner, fra enstokksmater for innlegging av tømmer til sortering mellom hon og materialer med skillegrind.

Foto: Kjosnes Maskin.



Kara sin unike bakgutt flytter, roterer og løfter stokken etc. Kan flyttes i lengderetning for forskjellig tømmerlengde og forsvinner under benken når den ikke er i bruk. Stokkfestet legger seg ned til bordet når det ikke er i bruk. T.v. Kjedetransportør for ukanta materialer. Foto: Kjosnes Maskin.

Terje Daleng fortsetter:

- En vesentlig grunn for investeringen er at to av oss som driver saga i dag er pensjonister. Den tredje eieren har bygd ut og doblet melkeproduksjonen og den fjerde driver med kjøtt- og vedproduksjon. Vi har hittil vært 4 som jobbet deltid på saga, og produksjonen gikk for fullt til august i fjor, da det ble produksjonsstopp på grunn av rivning av det gamle sagbygget.

Vi tenker rekruttering, og at det nye sagbruket skal bli en attraktiv arbeidsplass. Noe den gamle saga neppe ville ha vært. Vi har utlyst 2 stillinger, og flere har vist interesse for sagbruket. 1. mars starter en ny medarbeider på 26 år opp i bedriften. Etter mange år som maskinfører i anleggsbransjen gleder han seg til å bli «sagfører». Han er tilsatt på heltid, og vi 4 eierne deler på en stilling. Vi må være 2 arbeidere for å utnytte kapasiteten på saga. I tillegg er vi i dialog med en som kan begynne i juni. Vi regner med å doble kapasiteten til rundt 2000 m<sup>3</sup> i året på nysaga når vi er skikkelig i gang. På den gamle saga skar vi mellom 700 og 1000 m<sup>3</sup>.



Kay Bolstad, en av de fire gründerne, er pensjonist og fremdeles aktiv på saga. Her med den første tømmerstokken på den nye saga ved oppstart 10. februar i år. Foto: Privat.

Bygget er ferdig med unntak av utvendig kledning, saga av typen Kara Master med glidebenk er på plass, den første sagan som er levert fra Kara med glidebenk. I skrivende stund venter de på tømmerbord for

inntak, men vil starte opp med et provisorisk inntil dette er på plass. Første stokken ble skjært 10. februar, så produksjonen er nå i gang. Og gledelig er det at Susendal har mye i ordreboka og mange forespørslers. ▶

## God tilgang på tømmer, men litt bekymret for fremtiden

- Tømmer kjøper vi gjennom Allskog, SB skog (Statskog) og noe direkte fra skogeier. Hittil har det gått bra med å få tømmer, men vi er litt bekymret for fremtiden. Statskog er den største grunneier i Hattfjell-dal og eier 89 % av utmarksarealet. De har ofte veldig store drifter som vanligvis tar ut flere tusen m<sup>3</sup> om gangen, og det er begrenset hvor store mengder bygdesaga kan kjøpe inn. Vi ønsker oss mindre drifter litt oftere! Et samarbeid om dette med Allskog og Statskog hadde vært en fordel.

## Fuller ordrebøker - uten markedsføring

- Etterspørselen har vært spesielt stor etter at koronaen brøt ut. Nå spør ikke kundene lenger om pris, men om vi kan levere. Eksempel er en kar fra Oslo som skulle ha spesialdimensjonerte og høvlede bord til færingen sin. Han var bare sjeleglad for at vi kunne sende det til ham, men vi prøver å ha et jordnært forhold til priser. Vi har noe leieskur, men dette har avtatt med årene.

Vi er hovedleverandør til den lokale bedriften Børgefjell Laft - en av Nord-Norges største produsenter av handlaftede tømmerbygg. Her leverer vi 6 og 8 toms grantømmer samt vanlige bygningsmaterialer. Størsteparten av produksjonen er likevel spesialdimensjoner til restaurering, som går til prosjekt utarbeidet av museene både på Helgeland og lenger nordover. Skogen i Hattfjell-dal har akkurat den kvaliteten kundene etterspør - rette og seintvoksende furu og gran. Trær som er 150 år og mer.

Riksantikvaren stiller som krav at det skal være maks 3 mm mellom årringene på restaureringmateriale, men mesteparten av materialet Susendal Bygdesag AS leverer er bedre - ofte under 1 mm mellom årringene!

Susendal Bygdesag AS ser optimistisk på framtida for sagbruket, og ønsker den unge «sagføreren» på 26 år velkommen til et nytt og moderne sagbruk i mars.



Det nye sagbygget mangler kledning, og har enn så lenge et provisorisk tømmerbord. Men produksjonen er allerede i gang. Foto: Privat.



LSAB er en komplett verktøyleverandør som tilbyr alle verktøyløsninger for treindustrien, inkludert slipetjenester og markedets tetteste turbiliste. Vårt tilbud for treindustrien inkluderer alt fra sagbruk til interiør, kjøkken, dører, vinduer, møbler, trapper og gulv etc. Vi har kompetanse på alle områder for å hjelpe deg til den beste løsningen som igjen vil gi et best mulig økonomisk resultat.



# Jærbu med 40.000 i kvote bygger nytt fjøs i tre

*Leif John Haugstad har bygd flunkande nytt fjøs på 800 kvadratmeter med eit budsjett på 4,1 millionar kroner. Fjøset skal betala seg sjølv, seier bonden.*

*Sjur Håland, Bondevennen.*

Han og kona, Elin, tar med seg gamle tradisjonar og byggematerial inn i den nye tida. Med litt på kontoen på førehand, ekstra tilskot frå Innovasjon Norge og stor arbeidskapasitet i byggeperioden, meiner bonden frå Vigrestad at det fint lar seg gjere å betala fjøset med ei jerseybesetning, 40.000 liter i kvote og litt livdyrsal i tillegg.

## Døgnet rundt

Strukturrasjonalisering, større einingar, dårleg lønsemd og kostnadsauke som set byggeprosjekt på vent, skapar for tida dei største landbruksoverskriftene. Det finst bønder som går sine egne vegar også på Jæren. Leif John er nøgd med å vera «liten». Han vil greia seg med det garden gir.

Nå manglar berre båsakilja i liggebåsane og litt anna småplukk før han kan slå i siste spikaren og flytta kyrne inn i fjøset. Byggeperioden har vore kort og hektisk. Bonden har gjort det meste sjølv, inkludert grunnarbeidet, med noko hjelp frå ein tømrrar i tillegg.

– Det har vore arbeid nærast døgnet rundt sidan femte april. Nå blir det godt å koma i mål, seier han. Det er Vold Landbruksbygg AS ved Kjell Vold, som har prosjektert bygget og vore med på rådgivings-sida under heile prosessen, medan Riska Sagbruk AS har levert tre-materialen til bygningen.

## Svidd plank

Fjøset er plassert over den gamle driftsbygningen, som vart riven heilt ned. Under golvet er det rørekanalar og gjødselkjellar. Tre-materialen har fått ein heilt spesiell



*Flytter inn: Elin og Leif John Haugstad er klar til å flytta inn jerseykyrne i nyfjøset etter ein svært hektisk byggeperiode med stor eigeninnsats.*

finish gjennom brenning av overflata med open flamme. På utsida er materialen brent i heile fire omgangar for å få fram den spesielle strukturen og fargen i treet.

– I tillegg til den fine utsjånaden bidreg denne behandlinga til å konservera materialen, seier Kjell. Veggene er såkalla maskinlaft og består av høvla plank. Utvendige vegger er rein kjerneved.

– For å gjera bygget motstandsdyktig mot vêr og vind, forklarar Rune Skjørestad i Riska Sagbruk.

## Grantak

Materialen i sutaket er breie bjelkar av grov gran. Sutaket er heile ti centimeter tjukt.

– Sutaket er ein del av ventilasjonen. Det gir frå seg fukt når det er tørt vêr og absorberer fukt når inneklimate er fuktig, seier Kjell. Ventilasjonen er med andre ord av den naturlege typen. Ut frå romvolumet og det avgrensa talet på dyr er det ikkje naudsynt med annan ventilasjon enn gjennom takhattane, som trekkjer lufta ut frå opne lufteglipar der veggene og taket møtast.

Søyler og innreiing er laga av eik. Over fôrrommet i eine enden, er det sjølvberande takstolar for å unngå søyler. I husdyrdelen er det tradisjonelle sperr med søyler.

## Droppa roboten

Leif John har droppa både mjølkegrav og –robot. I staden har han pressa investeringskostnadane ned og heller bygd ei rekke med åtte Reime-båsar med fire Westfalia-mjølkeorgan som skal henga permanent og vaskast på staden etter kvar mjølking med integrerte vaskekoppar. Kyrne går i puljar frå lausdrifta til båsane i mjølkeavdelinga kor dei blir mjølka og får kraftfôr. Etter mjølking går turen tilbake til lausdrifta.

## Kontakt med kalven

Bonden er oppteken av dyrevelferd. Kalvane skal ha kontakt med kua i egne bingar vegg i vegg med kyrne langs eine langsida i fjøset. Her skal kalvane bu i halmseng fram til dei er sju månadar gamle. Då blir dei flytte over til rekrutteringsbingane som er plassert langs andre langsida. ►

– Med dette opplegget får kyrne god kontakt med kalvane sine over grindane, seier han.

Fjøset er tilpassa den mindre jerseyrasen. Her er det plass til 16 kyr pluss fullt påsett. Med 40.000 i kvote har fjøset kapasitet til å produsera livdyr for sal i tillegg. Planen er å bruke kjønnsseparert sæd for å få maksimalt med kvigekalvar.

– Eg kan også ha nokre få ammedyr av ein liten rase, om det blir plass, seier han.

### Betalar seg

Fjøset kostar ikkje meir enn kva det kostar å bygga eit hus, som ikkje gir ei einaste krone i inntekt, seier Leif John, når han blir spurt om finansieringa og den økonomiske biten. Bonden reknar at eigeninnsatsen er verd ein million kroner. Han hadde også med seg litt oppsparte midlar inn i byggeprosjektet.

– Å velje driftsbygning i tre løyser ut 400.000 kroner i ekstra tilskot hjå Innovasjon Norge, argumenterer han vidare.

– Greier du å betala renter og avdrag med inntektene frå fjøset?

– Ja. Eg hadde ikkje fått tilskot til prosjektet utan ein driftsplan som går i pluss.

Med jerseykua i botn og eit spesielt driftsopplegg med mellom anna god utnytting av beite og lågt kraftfôrforbruk, synar rekneskapen eit dekningsbidrag på 50.000 kroner per årsku, inkludert tilskot.

– Fjøset skal betala seg sjølv. Nå kan eg gå på jobb i tillegg om eg har lyst. Hadde eg bygd nytt til det doble, åtte millionar kroner, måtte eg gått på arbeid utanom for å finansiere fjøset anten eg ville eller ikkje. Leif John meiner ein må vera knallhard med seg sjølv i byggeprosessen og halda seg til budsjettet til punkt og prikke.

– I mitt tilfelle betydde det mellom anna at eg måtte ut i marknaden og leita etter ein brukt kraftfôrtank i staden for å kjøpa ny.



*Mjølking: Her er verken mjølkegrav eller –robot. Kyrne går lause i fjøset, men blir stengde på bås når dei skal mjølkast.*



*Svidd: Utvendig plank er svidd med open flamme i fire omgangar for å gjera materialen motstandsdyktig mot vêr og vind. Behandlinga gir også ein spesiell finish på overflata. Elin og Leif John har vore opptekne av mange detaljar for at fjøset skal ta seg fint ut.*

### Rimeleg med tre

Utgiftene til tømmer til fjøset til Leif John enda på 1,6 millionar kroner.

– Bygg i tre er rimelegare enn tradisjonelle landbruksbygg, og gjer det også lettare å leggje ned stor eigeninnsats i prosjekta, seier Rune Skjørestad i Riska Sagbruk.

Han meiner at også innreiing i tre er rimelegare enn innreiing i stål. Materialprisane har vore eit heitt tema siste året grunna heftig prisauke. Råtømmerprisane har ikkje i like

stor grad blitt påverka av prisauken, i følgje Skjørestad. Han anslår at bygningen til Leif John ikkje hadde blitt meir enn ti til tjue prosent dyrare med dagens pris på råtømmer.

### Fullt mogleg

Kjell Vold har arbeidd med bygg og i-mek i landbruksbransjen sidan midt på 1970-talet. Han meiner bygningen til Leif John illustrerer at det er mogleg å få ned byggekostnadane og dermed gjera det mogleg for bønder med mindre driftsomsfang å byggje nytt til lausdrift.



# Rettleiar for klimasmarte landbruksbygg

*Alle bygningane på ein gard påverkar i stor grad den totale klimarekneskapen, og gjer produksjonen på garden og produkta derifrå meir eller mindre klimavennlege.*



*Dirk Koblmann, tredrivar i Vestland, har delteteke i arbeidet med rettleiaren.*

Dette kan i framtida bli eit viktig kjøpsargument for den medvitne kunden av norsk mat. Samstundes er bonden alltid oppteken av å levere garden vidare til neste generasjon i betre stand enn før. Slik har det vore gjennom heile landbrukshistoria.

Rettleiaren er laga for gardbrukarar som planlegg rehabilitering eller nybygg av driftsbygningar på garden. Rådgjevarar, entreprenørar og leverandørar av trebaserte løysingar kan også ha nytte av han. Fokuset er retta mot val av byggematerialar, særleg trevirke.

Også eit knippe leverandørar av landbruksbygg vert nemnt i rettleiaren, anten direkte på nettsida eller på Trefokus si side med døme på ulike bygg. Her har medlemsverksemdene i Norsk Bygdesagforening ei god moglegheit til å profilere seg og sine tilbod på landbruksbygg. Vi trur at fleire bønder ønskjer å komme i kontakt med lokale aktørar når dei skal fornye bygningar på garden. Kortreist material er eit klimasmart val – bra for bonden og trearbeidande verksemd.



*Tømmerfjøs på Hammer gård i Levanger. På loftet er det bygd leilighet for utleige via Airbnb, med utsikt til sauefjosen den eine vegen og panoramautsikt til Hammervannet den andre vegen.*



*Sauefjøs i heiltrelement, Rauland, Telemark. Godt inneklima og kort byggetid på grunn av elementmontasje.*



*På Dirdalstraen gard i Rogaland har eigaren Tore Hommeland sjølv bygd innreiinga i eikekjerneved. Riska Sagbruk har levert laftebyggesett i heiltre lerk.*

I dei siste åra har ei spesiell tilskotsordning hjå Innovasjon Norge bidrege til ei markant auke i bygginga av trefjøs. Inntil 400 000 kr i støtte er ikkje å forakte når avgjersler om val av byggematerialar skal takast på gardane. Denne ordninga går ut året, men vi håper på at vi også i framtida vil finne tilsvarende støtte.

Skal tre vurderast som byggemateriale er det avgjerande at samarbeidet mellom bonde, leverandør og rådgjevar er så tett som mogleg. Rådgjevarane må ha kunnskap om kva dei regionale leverandørane har å by på. Det du ikkje kjenner til, kan du ikkje anbefale heller. Her må vi bli flinkare til å bygge nettverk. Kanskje rettleiaren kan bidra til dette. Gode regionale døme på utførte bygg vert til slagkraftige attestar for nye kundar. Flotte og funksjonelle bygg i tre verkar smittande på nabobønder.

Statsforvaltarane i Vestland og Møre og Romsdal og Trefokus AS har utarbeidd denne rettleiaren for klimasmarte landbruksbygg, særleg med vekt på utstrekt bruk av trevirke. Vi håpar at han vil inspirere og hjelpe gardseigarar i gang med planlegging og gjennomføring av byggeprosjekta, både ved rehabilitering og nybygg.

På sida til Trefokus AS er det også tilgjengeleg ei god samling av landbruksbygg for ulike føremål, storleikar og byggeteknikkar. Dei har alle utstrekt bruk av trevirke i konstruksjonen.

Rettleiaren er ein del av bondeboka.no og du finn han her: [www.bondeboka.no/landbruksbygg](http://www.bondeboka.no/landbruksbygg)

Om du ønskjer å komme i kontakt med redaksjonen for nettsida, så send gjerne ei melding til: [fm-hodkt@statsforvalteren.no](mailto:fm-hodkt@statsforvalteren.no)



*Stryn, Vestland: Sauefjøs i slepplaft av furu kjerneved frå Riska Sagbruk. Taket levert av Frøholm Sag i naturleg tørka lokal gran.*



*Trefjøs bygt i heiltre massivtrelement på Hansbruket i Gloppen, Vestland med 35 liggebåsar for kyr. Fjosen har naturleg ventilasjon med luftegardiner med automatisk styring.*



*Kyr med Norges beste utsikt på Halså, Møre og Romsdal. Fjosen er bygd med heiltreveggar i laft av lokalt tømmer og lokale leverandørar og har naturleg lufting, mange vindu og godt med dagslys.*

# Rennebu Sag og Trekultur AS

*Sveinung Kosberg har vakse opp med sagbruk, då far hans hadde sagbruk heime på garden. Der hadde det vore sagbruk i 4 generasjonar, kan Sveinung fortelje. Far til Sveinung dreiv sagbruket som tilleggsnæring på bruket og Sveinung fekk tidleg interesse for sag og trelast. I ein alder av 10 år hadde han fått kutta fingrar, men fekk likevel ikkje skrekken.*



*Her har Rennebu Sag og Trekultur AS levert kledning i brentbørstet malmfuru.*

Som ungdom tok Sveinung fagbrev som sveisar i 1998 ved Aker Stord, og deretter jobba han på anlegg i 5 år før han vende tilbake til Rennebu.

I 2003 starta han enkeltmannsforetak og dreiv då med mobilsag. Hovudproduktet var leigeskjæring i tillegg til at han skar villmarkspanel og laftetømmer for sal. Leigeskjæringa dreiv han med i lokalområdet Rennebu og midtre Gauldal. Etterspørselen vart imidlertid for liten, så Sveinung bestemte seg for etablere sagbruk. Han kjøpte industritomt i 2005 og gjorde om enkeltmannsforetaket til aksjeselskap i 2007, med namnet Rennebu Sag og Trekultur AS. På tomta sto eit nedlagt, men intakt sagbruk som han dreiv eit par år før saga vart bytta ut. På denne tida vart det for det meste



*Waco 1000 høvelmaskin med innmater.*

produsert leveransar til Riksantikvar og bygningsvern, levert over heile Norge. Kundane var mellom anna Maihaugen, Geitbåtmuseet og Rørosmuseum.

I 2008 vart det kjøpt ei brukt Kara Master med tanke på å satse vidare på restaureringsmaterial og spesialleveransar. Dreiv på den tid med 2-3 tilsette. Høvelmaskin vart innkjøpt rundt 2009 av typen Kupfermühle - ein tysk bjelkehøvel berekna på høvling av limtrebjelkar. Han høvla ein del grov firkant av typen 8' x 8'. Høvelen var lite eigna til anna bruk, så det varte ikkje lenge før det vart investert i ein 5 spindla Weinig høvel - av typen Unimat 23. Tørrkløyve vart også kjøpt rundt 2010.

Sagbruket vart etter ei tid solgt ettersom Sveinung fekk helseproblem som gjorde det vanskeleg å vere sagfører. Dette stoppa imidlertid ikkje Sveinung, som satsa vidare på vidareforedling av kledning og spesialprofilar. I 2015 vart det bygd heilt nytt høvleri på ca. 200 m<sup>2</sup>, plassert på same tomte

som sagbruket. På høvleriet er det også automatisert pakkemaskin.

I 2019 var produksjonen blitt så stor at det var behov for høvel med større kapasitet og fleksibilitet. Ein Waco 1000 med 7 spindla vart innkjøpt. Produkta hadde endra seg og den nye høvelen var meir fleksibel, spesielt for gamle profilar som blir kopierte.

Allereie i 2011 starta Rennebu Sag og Trekultur AS å eksperimentere med brent kledning. Bakgrunnen for dette var at ein arkitekt spurde etter produktet. Sveinung bygde eiga maskin for brent kledning, og har sidan den gongen bygd om og fornya denne fleire gonger. «Dette er eit produkt som vi framleis produserer, og vi har bygd ny produksjonslinje som vart teken i bruk hausten 2021», fortel Sveinung.

Dei har bygd det aller meste sjølv, og linja er så automatisert at 1 person lett kan betene den. I same produksjonslinja er det også lagt opp til Jernvitrolbehandling eller



Gullenget bandkløyve som Jøran Forren opererer.

beising. Jernvitrolbehandling er ei overflatebehandling som gjer trekvit kledning grå, visuelt ser den ut som naturleg gråna kledning. Sveinung opplever stor etterspørsel etter kledning som er Jernvitrolbehandla, og nemner spesielt ein leveranse i 2021 på 50.000 lm med 18 x 148 mm.

Brent kledning er etterspurt, og Rennebu Sag og Trekultur AS signerte nyleg ei kontrakt på 1,8 millionar kroner for ein leveranse til ein kunde i Lofoten. Det er sjølvsagt få av så store kundar, og for å balansere litt nemner Sveinung ein nyleg leveranse på 8m2 brent kledning til Voss!

Rennebu Sag og Trekultur kjøper trelast frå Moelven Løten, og er godt fornøgd med leveransane. I løpet av den kritiske perioden i fjor då trelastlagra var tomme, opplevde dei kun 3 dagar utan råstoff.

«I tillegg til Moelven samarbeider vi med fleire av medlemmane

